



Ullensvang herad
Ulvik herad
Eidfjord kommune
Kvam herad
Voss kommune
Granvin herad
Vik kommune

Dato: 20.02.2018
Vår ref.: 2017/15541-11
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.:

Omlegging til nytt takst - og rabattsystem og sal av aksjar i bompengeselskapa Hardangerbrua AS og Voss- og Omland Bompengeselskap AS

Hordaland fylkeskommune viser til møte mellom fylkeskommunen og kommunar i Hardanger 31. januar 2018 som vart halde etter initiativ frå Hardangerrådet. På møtet drøfta ein konsekvensane av den bompengereforma som Stortinget har vedteke og den lokale prosessen knytt til denne.

Fylkeskommunen ser at dialogen med dei andre eigarane i bompengeselskapa kunne vore betre før fylkesutvalet gjorde vedtak om omlegging av takst- og rabattstrukturen i oktober 2017. Dette vart framhalde på møtet med Hardangerrådet og fylkesrådmannen vil understreka det igjen her.

Fylkeskommunen har no vore i nær kontakt med Statens vegvesen for å finna takstmodellar som betre samsvarar med synspunkta frå Hardangerkommunane som kom fram i møtet. Fylkeskommunen har arbeidd med å finne eit framtidig takstopplegg som gjer at bompengebelastninga og bompengeinntektene vert på tilsvarende nivå som i dag. Den statlege tilskottsordninga for riksveganlegg er også rekna inn i takstvurderingane. Det er ikkje fullt ut mogleg å laga eit einskapleg takst- og rabattsystem som gjer at alle brukarane kjem like godt ut som før. Men passeringstak kombinert med takstreduksjon grunna «tilskottsordninga», kan verka avbøtande for svært mange.

Lågare passeringstak på lette køyretøy, enn føresett i saka frå oktober (25 mot 30), samt passeringstak også for tunge køyretøy, gjev ei takstordning som i større grad tek omsyn til pendlartrafikken, lokal næringstrafikk og aust/vest langtransporten over Hardangervidda. I tillegg har staten reservert ei ekstraordinær løyving frå «tilskottsordninga» for 2017 med 4,5 mill. kr. for Hardangerbrua og 3,9 mill. kr. for Vossapakken.

Fylkesrådmannen viser til vedlagde notat frå Statens vegvesen frå 12.2.2018. Takst og bompengeutlegga med passeringstak på 25 per mnd. for tunge og lette køyretøy vert som vist i døma nedanfor - i nytt takst- og rabattsystem samanlikna med eksisterande ordning (om ein har maksimalt 50% rabatt ved innbetaling av forskottsbeløp i eksisterande ordning):

Hardangerbrua						
	Lette køretøy			Tunge køretøy		
Takst	150	150	143	600	600	574
Passering	Bompengeutlegg med høyeste rabatt (50%), eksisterende ordning	Bompengeutlegg eksisterende ordning, utan avtale.	Bompengeutlegg med passeringstak på 25, 20% brikkerabatt, ny ordning	Bompengeutlegg med høyeste rabatt (50%), eksisterende ordning	Bompengeutlegg eksisterende ordning, utan avtale.	Bompengeutlegg med passeringstak på 25, ny ordning
1	75	150	114	300	600	574
2	150	300	229	600	1200	1148
3	225	450	343	900	1800	1722
20	1500	3000	2288	6000	12000	11480
25	1875	3750	2860	7500	15000	14350
40	3000	6000	2860	12000	24000	14350
60	4500	9000	2860	18000	36000	14350

Vossapakken						
	Lette køretøy			Tunge køretøy		
Takst	47	47	47	94	94	168
Passering	Bompengeutlegg med høyeste rabatt (50%), eksisterende ordning	Bompengeutlegg eksisterende ordning, utan avtale.	Bompengeutlegg med passeringstak på 25, 20% brikkerabatt, ny ordning	Bompengeutlegg med høyeste rabatt (50%), eksisterende ordning	Bompengeutlegg eksisterende ordning, utan avtale.	Bompengeutlegg med passeringstak på 25, ny ordning
1	24	47	38	47	94	168
2	47	94	75	94	188	336
3	71	141	113	141	282	504
20	470	940	752	940	1880	3360
25	588	1175	940	1175	2350	4200
40	940	1880	940	1880	3760	4200
60	1410	2820	940	2820	5640	4200
70	1645	3290	940	3290	6580	4200
90	2115	4230	940	4230	8460	4200

I tabellen overfor ser det ut til at bompengeutlegget kan bli høyere for mange, men det er svært mange som ikke har den høyeste rabatten. Omlag 20% av dei lette køretøya har maksimal rabatt og omlag 40% av tunge køretøy har maksimal rabatt. Det gjeld både for Vossapakken og Hardangerbrua.

Fylkesrådmannen ber om at kommunane uttalar seg om takstopplegget, som er eksemplifisert overfor, og melder tilbake til fylkeskommunen. Om det viser seg at ei slik takstomlegging får utilsikta verknader, vil Statens vegvesen saman med bompengeselskapet leggja fram forslag til justerte takstar for lokale myndigheter.

Hordaland fylkeskommune er som kjent i ferd med å selja sine aksjar i bompengeselskapa til Ferde AS. Så langt har fylkeskommunen selt aksjar i fire selskap – der aktuelle kommunar også har gjort vedtak om sal.

Det står att å selja aksjar i seks bompengeselskap, der to selskap gjeld riksveganlegg og såleis kjem inn under statlege tilskotsordninga, jf. overfor. Fristen for å få statleg tilskot for 2017, inklusive den ekstraordinære løyvinga, og for 2018 er no lengd til 1. april 2018 (sjå vedlegg).

Vegdirektoratet har i brev av 10.05.2017 (sjå vedlegg) understreka konsekvensane om noko tid av at dei lokale selskapa ikke sluttar seg til det regionale bompengeselskapet. Vegdirektoratet sitt brev vart drøfta i det nemnde møtet med Hardangerrådet. Med bakgrunn i at fylkeskommunen har stilt lånegarantiar overfor bompengeselskapa, fryktar fylkesrådmannen at konsekvensane Vegdirektoratet peikar på i det nemnde brevet, kan føre til at garantiane vert utløyste, noko fylkeskommunen ikke kan akseptere.

Fylkesrådmannen ber difor kommunane vurdere aksjesalet på nytt – og for dei to selskapa Hardangerbrua AS og Voss og omland bompengeselskap AS – i så god tid at ein når fristen for statstilskot 1. april 2018.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Konsekvenser av bompengereformen for bompengeselskaper utenfor de regionale bompengeselskapene
- 2 Hardangerbrua - utsatt tidsfrist
- 3 Vossapakken - utsatt tidsfrist
- 4 NOTAT - SVV 12022018